

Nr. 7

DESEMBER 1993

26. ÅRG.





# DÅ GLEDA VART FØDD

«Glæden hun er født i dag,  
Himmeriges Glæde .....»

Slik opnar ein velbrukt dansk jolesalme. Det er ikkje vanskeleg å kjenna dikteren, N.F.S. Grundtvig, att på handelaget. Den gamle mellomalder teksten han byggjer på, ordlegg seg meir varleg: «Dies est laetitiae» — Dagen høyrer gleða til. Sterkt det og, men.....

Har det verkeleg mening å seia det så bort i hendesløyse sterkt: «gleða — fødd — i dag»? Fanst der ikkje gleða på jorda før Jesus? Når jolehøgtida vender attende til oss år etter år, kan me då framleis seia «i dag»: I dag, joledag 1993, vert gleða fødd til verda!?! Til alt overmål vert gleða kalla for «ho», ikkje for «den». Nett som var ho eit menneske, eit nyfødd jentebarn som heile familien frygdar seg over å taka imot. Ljos levande mellom oss. Gleða er ikkje ein ting, men eit bankande hjarta.

Sjølvsagt har menneske opplevd gleða på Guds fagre jord, til alle tider, så lenge menneskje har vore til. Alt Guds verk siktar på gleða. Skaparen gled seg i sine gjerningar, og all hans skapning gled seg ilag med honom. Det er berre det at skyene som skuggelegg sola, er både mange og tjukke i vår verd, i verda slik me har skjemt ho til for oss sjølve og kvarandre. Vi set opp stengsle, me murar opp allverdsens demningar

mot gleða. Stengjer me Gud ute, då raknar livsens store vevnad, då riv me oss sjølve laus frå den grenselause gledesymfonien som me er skapte til å tona med i. «Gled uten Gud ei finnes ...» (Norsk Salmebc 485). Verda var aldri utan Gud, då hadde liv ikkje vore. For Gud er jo sjølve «livets kilde». I den meining var aldri noko menneske utan Gud, og aldri utan gløtt av gleða. Men me er skapte til noko mykje meir: til å ansa at Gud er nær, helsa han, hylla han, leva dag ut og dag inn i tillitsfull samtale med han. Gleða er å væra eit Guds barn — og vita om at eg er det, å vilja vera det.

Og her er det det ikkje klaffar. Sjølvpoppetekne og trongsynte som vi er, stengjer me Gud og gleða ute frå tilværet vårt. Utan å vera før til å finna att dei som me stendig set over styr. Berre Guds grenselause gåv-milde kan gje oss gleða att. Ho må koma til verda. Nyfødd. Ved at Gud sjølv kjem til verda. For å gjera alle ting nye.

«Eg forkynner dykk ei stor gleða». Var det ikkje så han sa, engelen jolenatta? Gleða vart fødd. For å fødas glitrande ny i kvart menneskehjarta til alle tider. Jolenatt 1993 ikkje unnanteken. Gledeleg jol i Je-  
namn!

Dykkar  
Per Lønning

*Per Lønning*

## God jul

Kyrkjelydsbladet ynskjer alle lesarane ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år.

## Neste nummer av Kyrkjelydsbladet

Neste nummer av Kyrkjelydsbladet kjem ut 27. januar. Frist for levering av stoff til bladet er 14. januar.

## Kyrkjeskys frå Haukeland/Lone

Det vert ordna med kyrkjeskys frå Haukeland- og Lone-området til Arna kyrkje til kvar høgmesse i kyrkja. Dei som har trong for skys kan ringe desse telefonnummera: 12. desember:

Jens K. Hauge .....tlf. 55 24 01 43  
19. desember:

Nils Minde .....tlf. 55 24 01 54  
1. Juledag, 25. desember:

Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15  
2. Juledag, 26. desember:

Sverre Myklebust .....tlf. 55 24 29 05  
2. januar:

Oddmund Skjeldal .....tlf. 55 24 28 76  
9. januar:

Ingrid Hope .....tlf. 55 24 08 08  
16. januar:

Jens K. Hauge .....tlf. 55 24 01 43  
23. januar:

Nils Minde .....tlf. 55 24 01 54  
30. januar:

Berit Haugsvær .....tlf. 55 24 08 15

## Soknerådsvalet i Ytre Arna 1993:

DESSE VART VALD:

Medlemmer:

1. Martin Skjelbreid
2. Alise Bjørnstad
3. Gudny Hunshamar Skorpen
4. Tor Oddvar Holmefjord
5. Roald Bernes
6. Aud Else Vesetvik
7. Odbjørg Oma
8. Kirsti Dybvik Rolland

Varamedlemmer:

9. Dagrun Lutro Markhus
10. Reidar Arvid Svartdal
11. Benthe Birkeland
12. Asle Michael Reigstad
13. Asgjerd Johanne Fotland

## Julekonsert i Ytre Arna kyrkje

søndag 19. desember kl. 18.00  
Arne Musikforening  
Arna Sangforening  
Ytre Arna kyrkjekor  
Andakt v/sokneprest Kjell Nese

**Solstrands Begravelsesbyrå**  
Herman Røeggt II

Våre repr. i **Arna**

Helge Spilde tlf. 55 24 38 82  
Willy Soltvedt tlf. 55 24 78 23

Dognvakt 55 32 55 50

BEGRAVELSESBYRÅET FORENINGEN

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhandspris



## 50-årskonfirmantar i Arna kyrkje



50-årskonfirmantar i Arna kyrkje 26. sept. 1993.

1. rekke sitjande frå venstre: *Annlaug Åkre, Ingrid Ryssdal, f. Boge, Karen Margrete Bø, f. Berg, Ellinor Margrete Småland, f. Pritzbauer.*  
 2. rekke frå venstre: *Ingrid Lohne, f. Dahl, Kari Dolvik, f. Romslo, Margot Anna Svenheim, f. Tunestveit, Ingrid Endresen, f. Skulstad, Kitty Bjørnhild Sagosen, f. Stavenes, Unny Johanna Indrøy, f. Reigstad, Kari Dyngeland, f. Løvås.*  
 3. rekke frå venstre: *Otto Kvamme, Haldor M. Romslo, Rolf Garnes, Nils Haukeland, Kjell Hammersland, Johannes Malvind Endresen.*  
 4. rekke frå venstre: *Magnus Heggertveit, Anders Erik Sandquist, Johan Bjørgås, Leif Mjeldheim.*

## Soknerådsvalget i Arna sokn 1993

Det nye Soknerådet:

1. Erik Stephansen - Espeland, ny
2. Kari Clausen - Garnes, ny
3. Jon Tesdal - Indre Arna, ny
4. Svein Mjelde - Lone-Haukeland, attv.
5. Erling Osland - Arnatveit, ny
6. Solveig Kolnes - Trengereid, ny
7. Harald Haugsvær - Lone-Haukeland, ny
8. Ingrid Hope - Espeland, ny

9. Olav Wikse - Haukeland, ny
10. Lars Gunnar Hartveit - Garnes, attv.

Varamedlemer:

1. Bjørg Hellesøy - Indre Arna, ny
2. Odd Kjos - Arnatveit, ny
3. Ragnar Aabrekk - Tunes-Garnes, ny
4. Jorunn Christensen - Indre Arna, ny
5. Ingjerd Dagestad - Risnes-Trengereid, ny

Klager i høve valget og valførebuingane vert mottekne seinast den 30. dagen etter valgdagen.

Soknerådet

## 50-årskonfirmantar i Ytre Arna



50-årskonfirmantane var samla i Ytre Arna kyrkje søndag 3. oktober.

Første rekke frå venstre: *Margit Vikne Offerdal (f. Vikne), Lillian Birkeland (f. Dale), Else Oppedal (f. Namtvedt), Margot Eide (f. Skulstad), Malmfrid Kalland (f. Haugland).*  
 Andre rekke frå venstre: *Sokneprest Kjell Nese, Birger Romslo, Kåre Ytre-Arne, Svein Lien, Nils Kjeseth, Johannes Reigstad, Ingvard Hydle.*

## JULEKONSERT

«Salmer og sanger vi er glade i»

Musikklaget Janus inviterer til en noe anderledes konsert enn det tradisjonelle i Arna kyrkje søndag 19. desember klokka 19.00.

Organisten har fått fri og Musikklaget selv står for all musikken til tonefølge og underholdningen.

Tema for konserten er:

«Salmer og sanger vi er glade i», og forsamlingen inviteres til mye allsang av kjente og kjære julesanger. Vi vil også ta frem noen mindre kjente og noen nye julesanger.

Redaksjonsleder fra NRK-Hordaland, Olav Wikse vil lede oss gjennom kvelden.

Vi ønsker alle store og små velkommen til en hyggelig sang og musikkveld i Arna kyrkje.

Musikklaget JANUS



# LUCIA-KONSERT

**Arna kyrkje**  
**mandag 13. desember kl. 18.30**

Arna Barnekantori  
St. Sunniva jentekor  
Arna kyrjekor  
Leif Marøy

Dir./akk.: Kantor Asbjørn Flåm og Inger-Johanne Enger



# Kyrkjelydsturen

Søndag 22. august var det kyrkjelydstur til Oppheim, Stalheim og leirstaden Helgatun i Myrkdalen. På biletet er alle turdeltakarane samla på Helgatun.

## Takk

Kyrkjelydsbladet takker hjertelig for en anonym gave på kr. 500,-.

## Takk

Diakoniutvalget i Arna takker hjertelig for en anonym gave på kr. 500,-.

# Der det er hjerterom ... og pizza

---

Av Hilde Kleppestø  
Foto: Kåre Norheim

---

Klokka er ni ein laurdagskveld og du går inn i det flotte huset. Du vert motteken med varme smil og venlege ord, føler deg velkommen frå fyrste stund.


Ei lun og god atmosfære omgjev deg, og rundt ikring sit mange du kan prate med. Vi møtes der, vener og bekjente, i eit trygt miljø som gjev deg føde for både kropp og sjel.

Det er ofte kristne musikk- eller drama-grupper der for å dele budskapet sin med deg. Nokon gonger er det andakt eller berre eit enkelt vitnesbyrd.

I kveld opptrer «Virkelige Menn» — ei nystarta kristen rockegruppe som innimellom songane fortel om korleis dei vart kristne. Ei sterk oppleving.

Dersom du ynskjer å prate med nokon vaksne, er det mogelegheit for det òg. Leiarane er der for deg, til hjelp og rettleiing, når du måtte ynskje det.

Eit av kveldens høgdepunkt nærmar seg når pizzalukten byrjar å breie seg utover i lokalet. Då vert det kø foran «kiosken» for å smake på godbitane. Etterpå kan du spele kurrong eller andre spel medan maten får synke.



Staden er Arna Kyrkjelydshus og vi befinn oss på «NATTKAFEEN» — staden ein kan komme for å treffe vener og Jesus! «Nattkafeen» vart starta med dette som hovudmål: å vera eit alternativ for ungdom på laurdagskveldar, der ein samstundes får høyra den kristne budskapet.

Ein treng ikkje å ha spesielle evner for å gå dit, du kjem som den du er — det er meir enn godt nok.

Staden fungerer også som ein kafé der ein kan site rundt bord og prate med andre, og kjøpe mat dersom ein er svolten. Med andre ord ein heilt uformell møtestad.

Anette og Siv Torill, to «ferske» kafégjestar, fortel at dei kom på «Nattkaféen» for å prøva noko nytt og for å verte kjende med folk. «Her er det koseleg og avslappande å vera, så her skal vi komme neste gong og!!»

At «Nattkaféen» er ein populær tilhaldsstad, kan ein sjå på alle dei som kjem kvar gong. Då skjønar ein òg at det var behov for noko slikt her i Arna.

Klokka nærmar seg halv eitt om natta, då er det på tide å tusle heimover igjen.

«Denne gongen vart eg kjend med to nye menneske», tenkjer eg glad før eg sovner inn.

---

«Virkelige Menn».

# Bli med til Israel

Rimeleg rundreise i Israel med fridagar i badebyen Eilat 17.2.-1.3.94

Med dette vil eg på nytt ynskja deg velkomen som turdeltakar til ei rundreise i Bibelens land og 3 fridagar i badebyen Eilat. Eilat ligg ved Raudehavskysten, og temperaturen i luft og vatn er litt varmare enn Kanariøyane på denne årstida — det vil seia god norsk sommarvarme. Reisa vert med rutefly frå Flesland og fly heilt fram til Eilat med noko rimelegare flypris enn vanleg.

Etter at eg var reiseleiar for ei gruppe i 1988 der dei fleste deltakarane var frå kyrkjelydane i Arna (der 2 på 85 år og v.a. med!) — har eg frå einskildpersonar fått spørsmål om å vera med på ein ny tur. Det har no lagt seg til rette med ferie/fridagar for meg i tida 17.2.-1.3., og det er Fokus Reiser som står som turoperatør. (Om ein ikkje kan ta fri så lenge, kan ein avbryta reisa 27.2. og få med heile rundturen likevel.)

Sjølv var eg og med på ei studiereise for prestar i 1986. I Israel er det mykje interessant å oppleve. Ja, det finst dei som seier at det knapt finst nokon stad i verda ein opplever så mykje ulik natur og historiske minnesmerke på eit så lite område.

I tillegg til at ein opplever Bibelens land og bibeltekstane på ein ny måte, er det vesle landet stadig framme i verdspolitikken.

I 1988 då eg var der sist, var det i starten av «Intifadaen»-palestinarane sitt opprør. I dag er situasjonen annleis med fredsdrøftingane, og me vil kunna få eit inntrykk av situasjonen som me ofte les om. Av og til vert det spurt om ein ikkje bør vera uroleg for å reisa dit, men turen går ikkje til dei områda me høyrer om uro i media.


Turen er open for alle som vil vera med. Min. deltakartal er ca. 20 og maks. ca. 40.

## TURKVELD

I Kyrkjelydshuset i Indre Arna vil det vera ein **turkveld tirsdag 14.12. kl. 19.30**, der alle interesserte er velkomne — også dei som ikkje tenkjer på å reisa. Der får ein vita litt om kva ein kan oppleve. Buss frå Ytre Arna kl. 19.05. Det vert ordna med skyss for retur, og treng nokon skyss for å koma, er dei velkomne til å ringja meg.

Har du spørsmål i samband med turen og ynskjer program, ta gjerne kontakt med meg — adr.: 5150 Lindås, tlf. 56 36 95 30/56 36 00 14 eller Fokus Reiser i Kristiansand: 38 02 94 37.

VELKOMEN SOM DELTAKAR.  
Harald Sundsbø



# K-FORUM ARNA

minner om følgende datoer for VÅREN 1994:

Tirsdag 8. februar kl. 19.30

Tirsdag 8. mars kl. 19.30

Tirsdag 12. april kl. 19.30

i kyrkjelydshuset.

MER PROGRAM I NESTE NUMMER.

*Det fins ikkje så mange sterke og vellykkede blant oss, så skulle alt overlates til dem, ble ikke mye gjort.*



**KIRKENS  
SOS**

Treng du nokon  
å snakka med?

Ring 32 32 00  
frå klokka 19 til 07  
alle dagar

eller mellom klokka 10 og 14  
måndag til fredag.

## Møter i Betania, Lone

- 02.12. Bibelstudium
- 04.12. Lørdagssamling kl. 16.00
- 05.12. HIM. Sigv. Storheim
- 12.12. BUF. Søndagsskule
- 16.12. Nattverdmøte
- 19.12. Me syng jula inn kl. 16.30
- 27.12. Barnefest kl. 16.00
- 28.12. BUF/Y-ungdom. Fest kl. 19.00

## JANUAR 1994

- 02.01. Him. Alfred Helland
- 06.01. Bibelstudium
- 09.01. Borgafest kl. 16.00
- 13.01. Nattverdmøte
- 16.01. BUF.
- 20.01. HIM.
- 22.01. HIM. Årsmøte
- 23.01. NLM
- 27.01. Finnmarksmisj.
- 29.01. Finnmarksmisj.
- 30.01. Finnmarksmisj.

## Nyttårsfest for eldre i Ytre Arna

Ytre Arna sokneråd og Ytre Arna Sanitetsforening arrangerer nyttårsfest for eldre på Sentrum søndag 16. januar kl. 16.00. Andakt v/Harald Sundsbø.

**BERGEN OG OMEGN  
BEGRAVELSEHJELP**



**55 23 12 12** Nøstegt. 35  
Parkering  
KNUT HELGE POLDEN **DØGNVAKT**

Vi utfører alt det praktiske el. tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døpte

#### Arna sokn:

- 04.09: Steffen Wågene og Stina Elin Wågene, døypt i Birkeland kirke.  
12.09: Christer Utskot Nilsen, døypt i Samnanger kyrkje.  
19.09: Espen Kvam, døypt i Trengereid kapell.  
19.09: Aleksander Barstrand Solberg, Susanne Angell, Henriette Alstadsæter, Lina Taule Fjærtøft.  
10.10: Silje Stamneshagen, Hanne Opkvitne Rongevær, Camilla Hjelle, Morten Andreassen, Stian Espeland, Sindre Mjelstad, Øyvind Kjerland.  
17.10: Anders Herland, Simen Herfindal Grøndal, Ronny Hauge Asheim, Håkon Natås Bertelsen.  
24.10: Kim André Villanger, Lasse Nævdal Mjelde.  
31.10: Solveig Lyssand Drangsholt.  
07.11: Camilla Hernar, døypt i Haus kyrkje.  
14.11: Caroline Mjelde, Ann-Othilde Helgesen Væhle, Cassandra Helén Straume Einaas, Andreas Vaksdal, Magnus Kvant.  
14.11: Audun Grytdal, døypt i Biskopshavn.  
21.11: Ann-Charlott Vik.  
28.11: Sondre Hals, Iselin Hals, Christine Skille Reknes, Irmelin Lillefosse.

#### Ytre Arna sokn:

- 17.10: Helen Boge, Anders Vangsnes Gill, Serina Haukefær Grøttå.  
07.11: William Kristiansen Angeltveit.  
28.11: Amalie Nord Eriksen.



### Vigde

#### Arna sokn:

- 04.09: Jan Reidar Langenes og Berit Hegernes. Vigde i Mariakirken.  
18.09: Tor Grinde Unneland og Gro Merete Løvskar.

- 09.10: Trond Trefall og Alice Olsen.  
30.10: Ole Petter Livden og Anne Catharina Wego Berg. Vigde i Domkirken.  
27.11: Jan Aasgaard Rørbakken og Anita Schive.

### † Døde

#### Døde:

- 24.08: Enok Lexander, f. 1918  
28.08: Inger Mæland, f. 1906  
13.09: Jakob Hausvik, f. 1924  
22.09: Marit Reistad, f. 1929  
23.09: Magnus Sæd, f. 1905  
27.09: Astrid Nesvold, f. 1895  
27.09: Martha Veseth, f. 1905  
30.09: Hermann Peder Lian, f. 1918  
08.10: Nils Andreas Mæland, f. 1935  
08.10: Hans U. Bertelsen, f. 1951  
16.10: Hilda Reigstad, f. 1896  
20.10: Astrid Marie Ytrearne, f. 1914  
25.10: Asbjørn Gjellesvik, f. 1908  
04.11: Anna Knutsdatter Borge, f. 1908  
06.11: Liv Margrethe Lillejord, f. 1942  
13.11: Kirsten Jensen, f. 1928  
13.11: Jan Erik Birkeland, f. 1974  
16.11: Solveig Steinsund, f. 1920  
20.11: Gladys Hildur Risnes, f. 1933  
23.11: Markus Rolland, f. 1902  
25.11: Osvald Hals, f. 1912

#### Ytre Arna sokn:

- 06.09: Oskar Gaupås, f. 1921  
09.09: Steinar Leknesund, f. 1933  
14.09: Astrid Skreien, f. 1912  
21.09: Kari Sofia Hartveit, f. 1900  
11.11: Margit Josefa Hansen, f. 1922

### Ofringar

#### Arna sokn:

- 19.09: Det Norske misjonsselskap kr. 2.654  
26.09: Norsk Lærarakademi kr. 4.887  
03.10: Kyrkjelydsarbeidet kr. 4.986  
10.10: U.klubb Arken kr. 3.486  
17.10: Bergen Søndagsskolekrets kr. 4.473  
24.10: Kyrkjelydsarhuset kr. 3.575  
31.10: Kirkens SOS kr. 2.713

- 07.11: Blå Kors kr. 4.195  
14.11: Kyrkjelydsarb. Barnearbeidet kr. 5.434  
21.11: Kyrkjelydsarhuset kr. 2.926  
28.11: Kyrkjelydsarb. kr. 3.416  
28.11: Ungdomsarbeidet kr. 2.395

#### Ytre Arna sokn:

- 26.09: Norsk Lærarakademi kr. 1.521,-  
03.10: Dei fire diakoninstitusjonar kr. 1.749,-  
10.10: Kyrkjekoret kr. 531,-  
17.10: Bergen søndagsskulekrets kr. 2.940,-  
24.10: Kristen Idrettskontakt kr. 730,-  
31.10: Den indre sjømannsmisjon kr. 1.349,-  
11.11: Barne- og ungdomskoret kr. 1.921,-  
21.11: Den norske sjømannsmisjon kr. 1.649,-

## Kyrkjeskys frå Haugland/Gaupås til Ytre Arna kyrkje

Bilen går frå Hauglandsskiftet kl. 10.45 og omfatter alle gudstenester som tek til kl. 11.00.

19. des.: Jon Steinset  
25. des.: Aud Else Vesetvik  
2. jan.: Tormod Hanstveit  
9. jan.: Aud Else Vesetvik  
16. jan.: Tormod Hanstveit  
23. jan.: Jon Steinset

## JULEFESTAR

### Haugland Bedehus:

28. desember:  
Julefest v/Søndagsskulen kl. 17.00.  
Andakt v/Ingrid Helland.

#### 2. januar:

Julefest v/Indremisjonen kl. 17.00.

### Ytre Arna bedehus:

28. desember:  
Julefest for heile familien kl. 17.00.  
Andakt v/Nils Arne Lavik.  
Arr.: Søndagsskulen.

#### 2. januar:

Julefest v/Indremisjonen kl. 17.00.  
Talar: Sigurd Rydland.

## Fellesmøte i Ytre Arna kyrkje 30. januar

På Bibeldagen søndag 30. januar vert det fellesmte i Ytre Arna kyrkje kl. 19.00. Pinsenemigheten, Indremisjonen og kyrkja går saman om dette møtet.

## Arna Bedehus

Søndagsskulen og Barnerøster arrangerer fest i Arna Bedehus 27/12 kl. 17.00.  
Andakt v/Marit Hauge.  
Song av Barnerøster.  
Juletrengang. Bevertning m.m.

## Velkommen til kyrkje

- DES. 02. Trengereid kl. 18.00. LJOSMESSE. Kateket Rodal og sokneprest Nese. Trengereid skule og konfirmantane tek del.  
DES. 05. 2. søndag i advent — Luk. 12, 35-40. Arna kl. 11.00. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarhuset. Søndagsskule. Arna kl. 19.00. JULEKONSERT. Ytre Arna kl. 19.00. LJOSMESSE. Kap. Johansen. Konfirmantane tek del. Takkoffer til konfirmantarbeidet. Takvam kl. 11.00. Kap. Johansen. Nattverd. Unneland kl. 18.00. Kateket Rodal. Sokneprest Nese. Konfirmantane frå Unneland og Lone tek del.  
DES. 10. Arna kl. 18.30. KONSERT. KERYX.

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



**Kåre Bj. Hope**

**Tlf. 55 24 08 08 - Mobiltlf. 945 01504**

Står til teneste med alt ved dødsfall

## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

**90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland tlf. privat: 24 22 23

FØRERKORT I KL. B

KJØR  
HOS

*Ås Leikvoll*  
TRAFIKKSKOLE A/S

Tlf. 55 32 44 09

For kjøring i Arna området kontakt Erik Stephansen  
Tlf. 55 24 00 83 - 060-88841  
Nytt mobiltlf. fra 28/10: 946-88841

RUTH STEPHANSEN

SONETERAPEUT NFS  
Soneterapi Øreakupunktur



Moldalia 28 B  
5230 Espeland  
Tlf: (55 24 00 83)

### ARNA PRESTEGJELD

Arna kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna Tlf. 24 04 00 og 24 02 15  
Kontortid: Tirsd., onsd., fred. kl. 10.00 - 12.00.  
Torsdag 17.30-19.00

Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.  
Kontortid:

Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.

Kyrkjegardane i Arna: Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, Boks 11, 5260 Indre Arna  
Redaktør: Audun Stølås

Forretningsfører: Turid Vie  
Bladpengar: Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.  
Postgironr. 0805 3104445  
Trykt av Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.  
Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

### Espeland Gartneri

5230 ESPELAND, TLF. (05) 24 08 09  
ARTHUR HOPE

*Frøydís*  
SALONGEN

Garnesveien 41 - Indre Arna  
Tlf.: (05) 24 00 68

Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting  
Fagkunnskap gir  
trygghet



10% for pensjonister alle dager.

### I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-  
firmasjon og barnedåp.

*Kleivland A.S.*  
Ur og Gullsmed  
5260 Indre Arna - Telefon 24 04 96

## KKREDITKASSEN

CHRISTIANIA BANK OG KREDITKASSE

Banken i Arna – for Arnafolk,  
der alle kundar, store og små,  
er hjarteleg velkomne.

**KREDITTKASSEN**  
avd. Arna

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomstertlf.

**24 25 95**

*a.s. Sarepta*

5260 Indre Arna

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennar,  
også TV 2.

**Litangen**  
Husholdningsservice,  
Garnes  
Telefon 05-24 02 87

- DES. 12.** *3. søndag i advent — Matt. 11, 11-19.*  
**Arna kl. 10.30.** NB! Merk tida. Sokneprest Nese. Takkoffer til Norges kristelege student- og skoleungdomslag. Dåp. Søndagsskule.  
**Ytre Arna kl. 10.15 Sentrum** (ikkje Ytre Arna kyrkje). SPORTSANDAKT. Kap. Johansen. Korsong. Arne Musikkforening. Kollekt til Olympic Aid.
- DES. 13.** **Arna kl. 19.00.** Luciakonsert.
- DES. 15.** **Arna kl. 19.30.** KONSERT v/Haukeland Songlag, Sandviken Messingkorps og Bergen Kammerkor.
- DES. 17.** **Arna kl. 19.00.** Julespel v/Rostadheimen.
- DES. 19.** *4. søndag i advent — Joh. 3, 26-30.*  
**Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Arna kyrkje kl. 19.00.** KONSERT Janus.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Ytre Arna kl. 19.00.** JULEKONSERT. Y.A. Kyrkjekor, Arne Musikforening, Arna Sangfor. Sokneprest Nese. Kollekt.
- DES. 24.** *Julaftan — Luk. 2, 1-20.*  
**Arna kl. 14.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Betania Barnekor og Lone Skolekorps. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Arna kl. 15.15.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. «Barnerøster». Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Arna kl. 16.30.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Garnes Skulekorps. Takkoffer til Diakoniarbeidet i Arna.  
**Ytre Arna kl. 15.00.** Kap. Johansen. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Ytre Arna Barne- og Ungd.kor. Blåsegruppe.  
**Ytre Arna kl. 16.15.** Kap. Johansen. FAMILIEGUDSTENESTE. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp. Ytre Arna Barne- og Ungdomskor. Blåsegruppe.  
**Trengereid kl. 14.00.** v/kateket Erik Rodal. Trengereid Songforening. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
**Takvam kl. 15.30.** Forstandar Øyvind Øy. Tunes Skulekorps. Takkoffer til Bergen Diakonissehjem.
- DES. 25.** *1. Juledag — Joh. 1, 1-14.*  
**Arna kl. 11.00.** HØGTIDSGUDSTENESTE. Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** HØGTIDSGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Det norske misjonsselskap. Ytre Arna kyrkjekor.
- DES. 26.** *2. juledag — Matt. 10, 32-39.*  
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer til Kristent arbeid blant blinde.  
**Trengereid kl. 11.00.** HØGTIDSGUDSTENESTE. Kap. Johansen. Takkoffer til Det norske misjonsselskap.
- DES. 31.** *Nyttårsaftan — Joh. 14,27.*  
**Arna kl. 23.15.** MIDNATTSMESSE. Sokneprest Nese.  
**Ytre Arna kl. 23.15.** Bønevake fram til kl. 24.00.
- JAN. 01.** *Nyttårsdag — Matt. 1, 20b-21.*  
**Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Takkoffer.
- JAN. 02.** *Kristi åpenbaringsdag — Joh. 8,12.*  
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- JAN. 09.** *1. s.e. Kristi åpenbaringsdag — Joh. 1, 29-34.*  
**Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer. Søndagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til kristent arbeid blant blinde.
- JAN. 16.** *2. s.e. Kristi åpenbaringsdag — Joh. 4, 5-26*  
**Arna kl. 11.00.** FAMILIEGUDSTENESTE. Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Takkoffer til Den norske misjonsallianse.
- JAN. 23.** *Vingårdssøndag — Luk. 17, 7-10.*  
**Arna kl. 11.00.** Kap. Johansen. Nattverd. Takkoffer. Søndagsskule.  
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Nattverd. Takkoffer til Israelmisjonen.
- JAN. 30.** *Såmannssøndag — Mark. 4, 26-32.*  
**Arna kl. 11.00.** Sokneprest Nese. Dåp. Takkoffer. Søndagsskule.  
**Ytre Arna kl. 19.30.** Kap. Johansen. Fellesmøte med organisasjonane og dei kristne trussamfunn i Ytre Arna. Takkoffer til Bibelselskapet.  
**Arna kl. 19.30.** Sokneprest Nese. Fellesmøte med organisasjonane og dei kristne trussamfunn i Arna. takkoffer til Bibelselskapet.  
**Trengereid kl. 11.00.** Kap. Johansen.